

Helse- og omsorgsdepartementet

Dykkar ref:

Vår ref:

2012/415 - 2039/2014

Sakshandsamar:

Synnøve Serigstad 51963811

Dato:

04.04.2014

Brukarmedverknad og samhandling med styra i helseføretaka

I oppdragsdokumentet for 2012 blei helseføretaka gitt i oppgåve å utarbeide mål og strategi for brukarmedverknad. I Helse Vest blei mål og strategi for brukarmedverknad vedtatt av styret den 05.12.2012. Som ein del to av dette arbeidet har Helse Vest utarbeida felles retningslinjer for brukarmedverknad for alle brukarutvala i regionen. Desse blei vedtekne av styret i Helse Vest i styremøte 2. april 2014.

I arbeidet med mål og strategi og med felles retningslinjer for brukarmedverknad har vi registrert at det er ulikskapar når det gjeld samhandling mellom brukarutval og styre i helseregionane. I Helse Vest har brukarutvala og styra eit fellesmøte i året. Elles er leiar av brukarutvala til stades på styremøta, og får ordet i saker som er aktuelle for brukarane. I andre regionar har leiar av brukarutvala observatørstatus eller observatørstatus med møte og talerett.

Brukarutvalet i Helse Vest har fremja ønskje om å at leiar kan møte i styremøta med møte og talerett. Dette blei det og fremja ønskje om i arbeidet med dei felles retningslinjene for brukarmedverknad i Helse Vest. Styret i Helse Vest har ved fleire høve handsama spørsmålet, og konkludert med at styret ikkje finn å kunne opne for dette. Dette er grunngeve med at Helseføretakslova ikkje seier noko om bruk av observatørar med møte- og talerett i styra. Det betyr likevel ikkje at det er noko i vegen for å etablere ei slik ordning. Det ville derimot stride mot lova sitt system dersom styret sjølv ga nokon ein slik status. Oppnemning av observatørar med slike rettar vil derfor vere ei oppgåve som må ligge til føretaksmøtet, og dersom eigar ønskjer å innføre ei slik ordning bør dette bli regulert i vedtektene.

Med bakgrunn i det faktum at andre helseføretak har opna opp for å gje brukarutval observatørstatus med møte og talerett i styra, ber vi departementet om ei avklaring av dette spørsmålet, og om Helse Vest har tolka regelverket i tråd med intensjonane i lova. Ei slik avklaring er ønskjeleg for å standardisere brukarmedverknad på systemnivå i spesialisthelsetenesta i heile landet. Det er også viktig å avklare kva rettar og plikter det eventuelt inneber å ha møte og talerett, til dømes i saker som er unntatt offentlighet, styret si eignevaluering, og eventuell forslagsrett.

Helse Vest er takksame for ei rask avklaring av dette spørsmålet.

Med vennleg helsing

Herlof Nilssen
adm. direktør

Synnøve Serigstad
rådgivar

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no